

...STARTEN PÅ EIT GODT LIV...

ÅRSPLAN GOL BARNEHAGE AVDELING FAGERLUND 2012



LITT OM FAGERLUND

Fagerlund har 24 plassar til barn i alderen 1-3 år. Me ligg sentralt til i nedre del av sentrum og har eit variert og mangfaldig nærmiljø som me bruker aktivt. Fleire nasjonar er representert hjå oss. Fagerlund ynskjer å vere ein barnehage som legg stor vekt på omsorg, tryggleik og trivsel for barn, foreldre og personalet.

PLANLEGGINGSDAGAR 2012

Det er 5 planleggings dagar i året og då er barnehagen stengt. I 2012 har me desse planleggingsdagane i Fagerlund:

- Fredag 18. mai
- Onsdag 15. og torsdag 16. august
- Måndag 12. og tysdag 13. november

STARTEN PÅ EIT GODT LIV I FAGERLUND


Omsorg, likeverd og trivsel er nøkkelord i hovudmålsetjinga til Gol barnehage. I tillegg er læring og danning nye vesentlege begrep henta frå rammeplanen. I Fagerlund er me opptekne av at barn, foreldre og personale skal kjenne seg trygge og betydningsfulle.

Me vil ha rutiner som skapar trivsel og tryggleik for barn og foreldre, og slik skape eit godt utgangspunkt for læring og danning. Sjå også fellesårsplanen for Gol barnehage.

Kontaktinfo: Fagerlund barnehage, Eikelidvegen, 3550 Gol, Tlf: 32 07 65 44, mobil 99 12 39 48
fagerlund.barnehage@gol.kommune.no



Det du trur om meg,
måten du er mot meg,
slik du ser på meg, det
du gjer mot meg...slik
blir eg



Dei vaksne i barnehagen skal jobbe med å:

- **Møte alle små og store med respekt:**
 - Sjå og høre på dei, når dei har noko å si
 - Prøve å forstå kva behov kvar enkelt har
 - Møte andre slik ein sjølv ynskjer å bli møtt
- **Møte alle små og store med ein anerkjennande haldning:**
 - Det kvar enkelt seier, har betydning.
 - Gje barna høve til både å gje og ta imot omsorg
 - Vere gode rollemodellar og språkmodellar
- **Møte alle barn med eit inkluderande syn**
 - ta omsyn til det enkelte barn og legg til rette for vennskap

Barna skal gjennom dette oppleve

- eit miljø prega av livsglede, humor, kreativitet og omtanke for fellesskapet
- anerkjennande og tydelege vaksne
- meistring og utvikling
- progresjon i opplegg og aktivitetar












Barnehagen forventar av foreldra:

- at foreldra gjer personalet informasjon og tilbakemeldingar om barnet
- at dei deltek på møter, tilstellingar og liknande for å følgje opp barnet sitt
- at dei kjem med ynskjer og tilbakemeldingar til personalet dersom dei ikkje er fornøgd

FAGOMRÅDENE OG MEDVIRKING

Barnehagen arbeidar med 7 ulike fagområder knytta til ulike tema, kvardagsaktivitetar, leik og tilrettelagde aktivitetar gjennom året. I år har me valt å ta utgangspunkt i eit fagområde som me skal ha fokus på kvar månad. Me har så valt oss ut eit av måla i rammeplanen innanfor dette fagområdet. Me håpar at dette skal bli ein spennande måte å jobbe på, og at rammeplanen blir eit endå betre styringsverktøy for personalet. For å få ein **progresjon** etter alder og utvikling, vil me fortsatt dele mye i grupper. Barna har også **rett til medvirking** i den forstand at eige bidrag byr på ei endring. Personalet må derfor organisere innhaldet i barnehagedagen slik at dei tek omsyn til barna sine ynskjer og behov for leik, læring og utfordringar. Ved å lese månadsplanar og "Dagen i dag" vil ein kunne fylgje med på arbeidet.

INNHALD OG TEMA

| Fagområder | Mål | Form og farge | Tema |
|---|---|---|---|
| Januar Kunst, kultur og kreativitet | Utvikle evna til å bearbeide og kommunisere inntrykk og gi variert uttrykk gjennom skapande verksemd. | Blå farge Firkanta form  | Eventyr Vinter |
| Februar Kommunikasjon, språk og tekst | Bruke språket for å uttrykke kjensler, ønske og erfaringar, til å løyse konflikhtar og til å skape positive relasjonar i leik og anna samvær. | Gul farge Rund form  | Yrke / dyr Vinter Solfest Karneval |
| Mars Etikk, religion og filosofi | Bli kjent med religion, etikk og filosofi som del av kultur og samfunn | Oransje farge Trekanta form  | Påske / fugl Vår |
| April Kropp, bevegelse og helse | Utvikle glede over å bruke naturen til utforsking og kroppslege utfordringar og får forståing av korleis ein bruker og samtidig tek vare på miljøet og naturen. | Grøn farge Rund form  | Vår Søppel |
| Mai Nærmiljø og samfunn | Bli kjende med og deltek i samfunnet gjennom opplevingar og erfaringar i nærmiljøet | Rød farge Hjerte form  | Vår Tog |
| Juni Natur, miljø og teknikk | Få erfaring med og kunnskap om dyr og vekstar og at dei er avhengige av kvarandre og viktige for matproduksjonen | Rosa farge Firkanta form  | Dyr Sommar |
| Juli | SOMMARBARNEHAGE | | |
| August Nærmiljø og samfunn | Erfare at alle menneske, uavhengig av alder og føresetnader, inngår i og bidreg i barnehagefellesskapen | Blå farge Rund form  | Kroppen Sommer |
| September Kommunikasjon, språk og tekst | Lytt til lyder og rytmen i språket | Gul farge Trekanta form  | Rim og regler Songleikar Haust |
| Oktober Kunst, kultur og kreativitet | Styrke den kulturelle identiteten sin og det personlege uttrykk. | Grøn farge Firkanta form  | FN-dagen Haust |
| November Kropp, bevegelse og helse | Få ei positiv sjølvoppfatning gjennom kroppsleg meistring | Rød farge Trekanta form  | Sansar Vinter |
| Desember Etikk, religion og filosofi | Få kjennskap til kristne høgtider og tradisjonar. | Sølv farge Stjerne form  | Jule-tradisjonar Vinter |

Gjennom heile året:

- Barnehagen lager formiddagsmat til alle annakvar tysdag og torsdag, altså 1 dag i veka.
- Markerer alle barna sin bursdag med bursdagskrone, bursdagssamling og flagg.

SATSINGSOMRÅDE

Prosjektet «Felles løft for tidleg innsats – språkleg og sosial utvikling hjå førskulebarn» fortsett i 2012. Prosjektet er ei felles satsing for alle barnehagane i Gol og Hallingdal, og er eit tverrfagleg samarbeid med PPT, helsestasjon og barneverntenesten.

I 2011 har hovudmåla vore å bevisstgjere personalet på eigen praksis i forhold til ny kunnskap, og lære om generell og avvikande språkutvikling. Barnehagane vil bruke observasjonsmetoden TRAS som står for Tidleg Registering Av Språkutvikling – i dagleg samspill. Personalet får ved systematisk observasjon vite kva barna kan, og kva dei treng å bli stimulert ekstra i, for å få ei best mogleg språkutvikling. Språkleg og sosial utvikling har ein gjensidig påverknad, så satsing i 2012 vil i tillegg omfatte normal og avvikande sosial utvikling for å sjå heile barnet i samanheng.


Som ein del av felles løft har me begynt å bruke BU- metoden som eit verktøy. Dette er grunnleggande begreps- system som farge, form, stilling, antall, osv

Personalet jobbar med å:

- Vere gode modellar. Bruke god tid til dialog i rutinesituasjonane
- Hjelpe barna med å setje ord på begrep, følelsar og opplevingar
- Utvikle gode rutinar for å følgje opp arbeidet med språk og sosial kompetanse og bruke reiskap som Snakkepakka, Språkutviklingsplanen og TRAS
- Ha språktrening for dei barna som treng «litt ekstra»

Barna skal oppleve:

- Gode samtalar / dialogar med dei vaksne
- Lesing, song, rim og regler
- Inndeling i smågrupper for å fremme språkaktiviteten og lage progresjon i innhaldet



Utvikling av språket skjer i samspill med andre, og ved at barn blir prata med og lytta til

FORELDRESAMARBEID

- **Foreldresamtaler** om kvart barn. Vanlegvis 2 gonger pr. år. Introduksjonssamtale med foreldre til nye barn
- **Dagleg samarbeid** ved henting og bringing: Beskjeder blir notert slik at alle i personalgruppa er orienterte. Foreldra les "Dagen i dag" og annan informasjon på tavla i gangen.
- **Foreldremøte** med informasjon / medverknad 2 gonger pr. år

EVALUERING

| MED KVEN | NÅR | KVA TEMA | KORLEIS |
|------------|--------------------|--|--|
| Barna | Gjennom heile året | Har alle barna god språkleg og sosial utvikling? Er leiken inkluderande og godt tilrettelagt? | Observasjon av trivsel og vennskap, og samtale rundt observasjonane på møter. Praksisforteljingar om leik |
| Foreldra | Gjennom heile året | Føler foreldra at dei blir ivaretatt? Medverknad | Foreldremøte og samtaler |
| Personalet | Gjennom heile året | Er me anerkjennande og gode språk- og rollemodellar? Er me inkluderande og møter kvarandre med respekt? | Evaluere Femiaplanane våre og Dagen i dag Månadsplanar |